



Saksmappenr: 2023/1042-12
Arkiv: A00
Sakshandsamar: Vidar Homme

Saksframlegg

Valle kommune

Saksnummer	Utval	Møtedato
107/24	Kommunestyret	25.09.2024

Høyring: 4-årig tilbudsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2025-2028

Kommunedirektøren tilrår:

Kommunestyret syner til saksutgreiinga og gjev det som høyringsuttale til *4-årig tilbudsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2025/2026-2027/2028*.

Handsaming i Kommunestyret av sak 107/2024 den 25.09.2024:

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Kommunestyret syner til saksutgreiinga og gjev det som høyringsuttale til *4-årig tilbudsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2025/2026-2027/2028*.

Saksutgreiing:

Samandrag/ konklusjon

Med bakgrunn i at tilbudsstrukturen for dei to nærskulane i regionen i hovudsak blir haldne oppe, tilrår kommunedirektøren at kommunestyret stiller seg bak det framlagde forslaget med unntak av reduksjon i elevplassar ved Setesdal vidaregåande skule avd. Hornnes. I tillegg at Valle kommune oppmodar fylkeskommunen om å oppretta tilbod innan sal, service og reiseliv, eit VG1-løp innan Handtverk, design og produktutvikling og dessutan t.d. implementera fagområdet økologisk naturreparasjon som del av anleggsteknikk/arbeidsmaskiner VG2.



Som del av regionrådet si strategiske satsing på kompetanse, har ein de siste åra etablert eit velfungerande og konstruktivt samarbeid med Setesdal vidaregåande skule når det gjeld bruk av lokalar, infrastruktur osv. Pr i dag gjeld dette fleire distriktsvennlege og fleksible bachelorutdanningar, og nå i haust startar vi opp med vidareutdanning i E-helse og velferdsteknologi for kommunehelsetenesta i regi av Fagskolen i Agder. Denne type samarbeid kring studiestad meiner vi er nyttig og ressurseffektivt for alle partar, og vi håper å kunne både fortsette det gode samarbeidet og vidareutvikle andre studietilbod over same lest i åra som kjem.

Bakgrunn for saka

Agder fylkeskommune har sendt ut høyring om fireårig tilbodsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2025/2026 og 2027/2028. Målet er at tilbodsstrukturen skal støtte opp om måla i Regionplan Agder 2030. Vidare skal skuletilbodet bidra til å dekke arbeidslivet sitt behov og auke gjennomføringa av vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen ønskjer med denne høyringa å hente inn erfaringar og synspunkt frå interessentar og berørte partar. Høyringsfristen er 3. oktober 2024. Vedlagt følgjer høyringsdokument for fireårig tilbodsstruktur for vidaregåande skular i Agder. Parallelt med denne høyringa, ligg det også ute høyring om inntaksmodell for vidaregåande skular i Agder.

Merk at saksutgreiinga er utarbeidd av administrasjonen i regionrådet. Administrasjonen i Valle kommune gav innspel til arbeidet med saksutgreiinga.

Formelt grunnlag

Vurderingar og konsekvensar

For Setesdal Regionråd er det viktig at Byremo og Setesdal vidaregåande skuler kan tilby attraktive og varierte utdanningsprogram som samsvarer med ønskjer og behov frå både ungdom, næringsliv og offentleg sektor i regionen vår. Tilboda må vera breie nok til ungdomane i det geografiske området som skulane dekkjer skuletilbod for, og skulane må ha godt omdøme, vere attraktive og– både overfor ungdommar, noverande og komande tilsette ved skulane og hos framtidige arbeidsgjevarar.

Reiseliv er ei stor næring i regionen vår, og Valle kommune vil oppmode fylkeskommunen til å vurdere å oppretta sal, service og reiseliv som linjetilbod ved ein av nærskulane våre.

Det er viktig at tilbodet om bygg- og anleggsteknikk Vg1 og tømrrar Vg2 blir vidareført ved Setesdal vidaregåande skule. Det same gjeld tilbodet Teknologi- og industrifag Vg1 og Transport og logistikk Vg2. Dette har samanheng med at det lokalt er mange arbeidsplassar innan dette feltet, arbeidslivet sin etterspurnad i kommunane og regionen, samt med tanke på rekruttering. Transport- og anleggsbransjen er ei betydelig næring i kommunen og i regionen. Valle kommune vil i tillegg oppmoda fylkeskommunen til å leggja til rette for ei utvikling innan bygg og anleggsteknikk (VG1 og VG2) som innrettar seg mot kravet i framtida relatert til klima, miljø og berekraft. Til dømes kan økologisk naturreparasjon vera eit interessant fagområde å implementera på anleggsteknikk/arbeidsmaskiner VG2.



Det bør opprettast eit VG1-løp innan Handtverk, design og produktutvikling på Setesdal vidaregåande skule, avdeling Valle. Føremålet er å styrkje skulen og rekrutteringa til sølv og gullsmedfaget i VG2, skape eit heilheitleg løp i gullsmedfaget og vere eit reelt VG1-alternativ som ungdom kan velje etter ungdomskulen.

Valle, den 18.09.2024

Vidar Homme
kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Høringsdokument – 4-årig tilbudsstruktur for vidaregåande skoler i Agder - skoleåret 2025/2026-2027/2028
- 2 Tabell - Alle tilbud sortert på skole 2025-2026 4-årig plan
- 3 Tabell - Alle tilbud sortert på utdanningsprogram 2025-2026 4-årig plan
- 4 Oversikt over aktive deltakere VOV - fordelt på fag
- 5 Rapport -Ståstedsanalyse skoler Kristiansandsregionen 2024

Andre dokument i saka: